



Arkivnr: 2014/499-1

Saksbehandlar: Vigdis Robak Bjørgo

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Samferdselsutvalet		19.03.2014
Fylkesutvalet		27.03.2014

Utviklingsplan for Skyss 2014 - Rullering

Samandrag

Fylkesrådmannen legg med dette fram Utviklingsplan for Skyss 2014. Utviklingsplanen 2011-2014 er rullert årleg, og dannar grunnlag for prioritering av tiltak som skal gjennomførast komande år.

Frå og med 2015 vil Kollektivstrategi for Hordaland med eige handlingsprogram vere Skyss sitt styringsverktøy for utvikling av kollektivtilbodet og prioriterte tiltak. Utviklingsplanen for Skyss vil med handlingsprogrammet ikkje bli vidareført i si noverande form ut over 2014.

Utviklingsplan for 2014 viser kort status og resultat frå føregåande år, samt gjennomgang av nye tiltak for 2014. Førebuing av nye anbud for ferje er eitt av dei prioriterte tiltaka i inneverande år.

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet godkjenner rullert Utviklingsplan for Skyss 2014

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
Fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Vedlegg

Utviklingsplan for Skyss 2014

Fylkesrådmannen, 03.03.2014

Fylkesrådmannen legg med dette rullert Utviklingsplan for Skyss 2014 fram til godkjenning.

I desember 2010 vedtok fylkestinget Utviklingsplan for 2011-2014, der det vart lagt opp til årleg rulling med særleg vekt på tiltaksdelen i planen. Gjennom året er det gitt jamlege statusrapportar til samferdselsutvalet på aktuelle tiltak i planen.

Kollektivstrategi for Hordaland er i desse dagar ute på høyring, med plan om endeleg handsaming i fylkestinget i juni 2014. Kollektivstrategien vil vere Skyss sitt viktigaste styringsverktøy i arbeidet med å utvikle tilbodet i åra framover. Det vert lagt opp til eit eige handlingsprogram med eit fire års perspektiv, som vil vise prioriterte tiltak knytt opp mot budsjett og relaterte planprosessar. Utviklingsplanen for Skyss vil ikkje bli vidareført i si noverande form ut over 2014, men inngå som del av oppfølginga av kollektivstrategien.

Status og resultat 2013

Den positive utviklinga i passasjertala for Bergensområdet held fram, med total vekst på 7,4 % for buss og bane i 2013. I juli opna bybanen til Lagunen og banen har fått tre nye vogner. Passasjerveksten på bybanen siste året var på 14,1 %.

Ombordsalet er vesentleg redusert og utgjer no under 50 % av det totale billettsalet. Vi ser her verknader av innføring av ombordtillegg og ny mobil-app for kjøp av enkelt- og periodebillettar.

Av større prosjekt bør system for sanntidsinformasjon nemnast spesielt. Siste året er det installert sanntidsinformasjon på alle bussane i Bergen sør, nord og sentrum. Bussane i Bergen vest og Nordhordland er ferdig installert innan kort tid. Totalt utgjer dette om lag 600 bussar. Informasjonssøyler er installert på fleire haldeplassar og sanntidsinformasjon er gjort tilgjengeleg via ein eigen mobil-app.

I samband med nytt rutetilbod i Hardanger og Voss er det satt i gang eit pilotprosjekt for bestillingstransport. Prosjektet skal gå fram til sommaren 2015, og i perioden evaluerast med tanke på å utvikle bestillingstransport vidare som del av kollektivtilbodet i Hordaland.

Tiltaksplan for 2014-2015

Følgjande tabell viser *nye* prosjekt som inngår i tiltaksplanen 2014. Nokre av prosjekta har ein tidshorisont ut over 2014, og vil bli følgjt opp vidare gjennom handlingsprogrammet for kollektivstrategien.

Tiltak	Føremål
Automatisk passasjerteljing	Vurdere og tilgjengeleg teknologi og anbefale løysing, inklusiv analyseverktøy for statistikk.
Tilbodsutvikling Sunnhordland	Utarbeide dokumentasjon og rutetilbod som grunnlag for ny anbodskontrakt for rutepakke Sunnhordland.
Hovudstruktur for kollektivnettet i Bergensområdet	Skissere framtidig kollektivnett med utgangspunkt i reisestraumane i dei sterke korridorane. Innspel til Regional areal og transportplan for Bergensområdet.
Nye ferjeanbod	Sikre nødvendige avklaringar og vurderingar inn mot prosessane med nye ferjeanbod, og levere underlag til konkurransegrunnlag.
Trolleybussutgreiing	Vurdere eventuell vidareføring av trolleybussdrifta og ulike scenario for forlenging og utviding av trolleybussnettverk i Bergen.
Biogasshybridbussar	Utviklings- og demonstrasjonsprosjekt for å teste ut teknologi for biogasshybridbussar i Bergen.